



Artec AS

Referansar:

Dykkar:

Vår: 20/18 - 21/5516

Sakshandsamar:

Jan Torry Sande

jan.torry.sande@fedje.kommune.no

Dato:

18.10.2021

## SAK: Reguleringsplan Koppersevja - Fedje kommune - referat etter arbeidsmøte med Statsforvaltaren i Vestland og Vestlandet Fylkeskommune 13.10.2021

Referent: Jan Torry Sande

Artec AS

Fedje kommune

Statsforvaltaren i Vestland (SIV) Hege Brekke Hellesøe, sakshandsamar

Vestlandet Fylkeskommune (VFK)

Vestlandet Fylkeskommune (VFK)

Rune Tangen

Jan Torry Sande, samfunnsplanleggar

Kari Elster Moen

Sara Nordahl, rådgjevar

### Sak 1 Innleiing

Jan Torry Sande (Fedje kommune) heldt ei innleiing. Det var i denne viktig å slå fast fire moment:

Først og fremst er det viktig å slå fast at denne reguleringsplanen er teke initiativ til av grunneigarar som ønskjer å gjere noko med eit langvarig problem her på Fedje.

For det andre er det viktig å ha ei felles forståing for kva Koppersevja er. Fram til 1974 gjekk det kloakk frå omkringliggande hus direkte ut i evja. Evja er grunn, og innløpet er smalt. Det er ikkje frisk sjø og ein «naturleg» sjøgrunn i evja. Heile området er prega av svært dårleg lukt på fjøre sjø, og strandaktivitetar som bading eller å plukke krabbe er nærast umogeleg. Kort sagt er dette ikkje ei «naturleg perle» som må bevarast, men eit område som er sterkt prega av menneskeleg aktivitet fram til no. Mudring, og anna utbetring av området, vil vere i tråd med pbl §1.

For det tredje er dette ikkje er «strandsoner» med krav frå det såkalla 100-metersbeltet. Gjeldande kommuneplan opnar for bygging heilt ned til strandlina. Fedje kommune sitt forslag til reguleringsplan vil regulere bygginga i strandsona til naust/hyttenaust. Reguleringa i kommuneplanen opnar for bygging til strandlina.

For det fjerde er det viktig å slå fast at Fedje kommune sitt utkast til reguleringsplan for Koppersevja gjev ikkje opning for ei auka «privatisering av strandsona». Snarare tvert om. Dette er ikkje eit område som innbyr til friluftaktivitet. Det er steinete, med delvis uregjerleg vegetasjon og prega av at det ikkje er i bruk. Litt av poenget med planen er å legge til rette for auka friluftsbuk og her under med tilkomst for alle.

Etter innleiinga vart det halde ein kommentarrunde. Verken Vestlandet Fylkeskommune (VFK) eller Statsforvaltaren i Vestland (SIV) var usamd i framstillinga av Koppersevja i dag. Det var derimot usemje i synet på «privatisering av strandsona». Særleg SIV meiner at forslaget til reguleringsplan opnar for ei auka privatisering av strandsona i området.

## **Sak 2 Motsegn frå Statsforvalteren**

Gjennomgang av motsegn frå Statsforvaltaren i Vestland med utgangspunkt i forslag til merknadsskjema utarbeidd av Rune Tangen (Artec AS):

Motsegna slår fast at forslaget til reguleringsplan manglar ROS-analyse. Det er no laga ROS-analyse.

Hege Brekke Hellesøe(SIV) hadde følgjande kommentarar:

Strandsoneinteressene må vurderast annleis. SIV er ikkje usamd i grunntanken med planen, men ønskjer ei noko betre vurdering. Det må vere ei «presisering av kva bruken vil bli». Jan Torry Sande meiner at ein strengare plan kan ta motivasjonen frå nokre av grunneigarane, og at grunntanken med ein plan må vere at den skal synleggjere mogelegheiter. SIV kan ikkje ta stilling til planen slik den ligg føre no, men har innspel til forbetring.

SIV er kritisk til grense for tiltak lagt ut i sjø. Planforslaget opnar for å lage steinfylling i sjø eit stykke ut i Koppersevja. SIV meiner utfylling heller bør takast med som ei mogelegheit, meir enn rett. Argumentet er at ein ferdig plan må vere eit betre verkty for framtidig byggesakshandsaming, særleg for å unngå at dei enkelte tomteeigarane kjem til å praktisere dette forskjellig. Fedje kommune bør ha eit verkty som kan stille krav om å avgrense potensielle steinfyllingar.

Bestemmelsane i planforslaget er i for liten grad styrande, særleg med omsyn til bygging av naust/hyttenaust i strandsona. SIV uttrykkjer bekymring for at det kan kome store bygg i strandsona, som pressar bort ålmenta si mogelegheit til å benytte seg av allemannsretten. Dette gjeld både mengde, storleik og plassering av bygg. Forslaget til plan legg opp til for mange bygg på nokre av områda. Det vert og pengtert at det er ønskjeleg med ein «varierte nauststruktur». Jan Torry Sande poengterte at ein plan bør vere ei ramme for framtidige beslutningar, som skal vere i tråd med plan- og bygningslova. Men den bør og stimulere til det Fedjesamfunnet treng: alle tiltak som kan endre den negative samfunnsutviklinga. Planlegginga bør tilpassast den konteksten den skal utførast i, og om ein stiller svært strenge krav i planen kan den verke mot sin hensikt. Jan Torry Sande etterlyste juridisk grunngjeving for dette kravet.

SIV meiner føresegnene bør setje krav til mengde, storleik og plassering av naust/hyttenaust. Ein detaljplan bør sikre at strandsona ikkje vert nedbygd, men sikre strandsoneverdiane i samband med verknader av planen. Utfylling i strandsona bør heller regulerast som ein mogelegheit, og ikkje som ein rett. Dette bør difor endrast i føresegnene, og helst også i markering/ plassering av byggegrense mot sjø. Slik vil kommunen få høve til å hindre ei eventuell uønska utfylling (til dømes ved handsaming av eventuell naboprottest). SIV ønska og å han inn krav om grøntfelt mellom nausta.

SIV meiner Taraldsevja har vore ein stad for barneleik og fritidsaktiviteter. Jan Torry Sande påpeika at dette er feil. Det har vore arrangert jonsokfeiring i Taraldsevja, men det er ikkje eit område eigna for leik slik området er i dag.

### **Sak 3 Fylkeskommunen - fråsegn**

Kari Ester Moen presiserte at ho berre representerte ansvarsområde «Infrastruktur og veg». Representantar for øvrige ansvarsområdet hadde ikkje høve til å delta på dagens møte.

Gjennomgang merknad med Vestlandet Fylkeskommune med utgangspunkt i forslag til merknadsskjema utarbeidd av Rune Tangen (Artec AS):

Kari Elster Moen (VFK) poengterte at Vestlandet Fylkeskommune ikkje har levert motsegn, men ein merknad. Ho vurderer føreliggande planforslag som eit godt utkast for å kome i mål. Det er OK å flytte plangrensa i tråd med ønskje frå Fedje kommune, og ta det med i kunngjeringa. Planforslaget inneber ein del endringar i tilknytning til Stormarkvegen forbi kyrkja og krysset ved bedehuset. Her er det teikne inn eit nytt vegkryss med forslag til nye gangfelt. Løysinga må kvalitetssikrast med krav i samsvar med Handbok N100 (no Vegnormal N100 Veg- og gateutforming 2021) med siktline på tekniske teikningar. Krav om gjennomføringsavtale på initiativ frå Fedje kommune, der aktuelle krav kjem fram. Det er og mogeleg å samarbeide med «drift og vedlikehald» i Vegvesenet, som kan verte ein økonomisk bidragsytar.

Fedje kommune kan søke om trafiksikringsmidlar. Då må det lagast ein oppdatert trafiksikringsplan, som må ligge til grunn for ein slik søknad. Eit slikt prosjekt må og sjåast i samanheng med regional transportplan.

### **Sak 4 Ymse**

Det var ingen spørsmål eller saker under punktet «Ymse».

### **OPPSUMMERING:**

- Det var semje mellom møtedeltakarane at mudring av Koppersevja er ein god ide, og at byggegrensa for dette området ligg i strandlina.
- SIV meiner planen i større grad må stille krav i byggeområda. Føresegnene bør setje krav til mengde, storleik og plassering av naust/hyttenaust.
- VFK vurderer føreliggande planforslag som eit godt utkast for å kome i mål.
- Det er OK å flytte plangrensa i tråd med ønskje frå Fedje kommune, og ta det med i kunngjeringa.
- Forslaget til nytt vegkryss ved bedehuset må kvalitetssikrast med krav i samsvar med Handbok N100, Det er naudsynt med ein opdatert trafiksikringsplan for å kome i posisjon til å søke om trafiksikringsmidlar.

Med helsing

Jan Torry Sande  
Samfunnsplanleggar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Vestlandet Fylkeskommune

**Mottakarar:**

Artec AS

Statsforvaltaren i Vestland

Vestlandet Fylkeskommune

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER